

Svar frå fylkesdirektør opplæring og kompetanse:

1. Skuleåret 2020/21 er oppstarten av fagfornyinga, noko som aktualiserer behovet for nye og oppdaterte læremiddel for Vg1. Fylkesdirektøren har vore i kontakt med nokre av dei vidaregåande skulane for å få tilbakemelding på tilgangen til nynorske læremiddel. Grunna avviking av haustferien er det avgrensa kor mange som har hatt moglegheit til å gje tilbakemelding. Tilbakemeldinga er at det i store trekk har vore variasjon i kva tid skulane har motteke bestilte lærebøker på, både når det gjeld nynorsk og bokmål. Manglande naturfagsbok på nynorsk ved Hafstad vgs. er difor ikkje eit særtilfelle. Ein god del lærebøker var på plass til skulestart, medan nokre melder at dei endå ikkje har motteke bestilte bøker. Dette gjeld både lærebøker i begge målføra og lærebøker der nynorskutgåva endå ikkje er levert. Døme: Ein skule melder om at lærebøker i idrettsfag endå ikkje føreligg verken på bokmål eller nynorsk og ein anna skule melder om at matematikkbøker for nokre utdanningsprogram føreligg, medan andre utdanningsprogram vil få sine bøker levert seinare i haust.

Når det gjeld tilgang på læremiddel på nynorsk er tilbakemeldingar at Vg1-elevane ikkje har fått lik tilgang på læremiddel på nynorsk som bokmål. Tilbakemeldingar frå skular er mellom anna at

- lærebøker på nynorsk i fleire tilfelle vert levert ein og ein halv månad etter bokmålsutgåvene
- det er usikkerheit om alle digitale læremiddel er tilgjengelege på nynorsk
- i fleire fag har ein del skular gått bort frå fysiske lærebøker og i staden brukar digitale læremiddel.

NDLA melder om at alle NDLA sine læremiddel er publisert både på nynorsk og bokmål.

2. Læreplanverket er forskrifter til opplæringslova og styrer innhaldet i elevane si opplæring. Ut i frå læreplanverket skal skulane velje metodar og læremiddel/ressursar dei ønskjer å bruke for at elevane skal få best mogleg opplæring, og skulane er difor ikkje direkte avhengig av ei bestemt lærebok. Det er kome tilbakemelding på at forlaga sender PDF-versjonar av kapittel i lærebøkene i påvente av ei ny lærebok. Dette kan vere til god hjelp for skulane i ventetida. Utover det må skulane bruke andre ressursar i opplæringa. På kort sikt kan ein oppmode forlaga om å levere dei nynorske læremidla så raskt som mogleg.
3. Både Hafstad vgs. og andre skular melder om at det å få tilgang på nynorske læremiddel på lik linje med læremiddel på bokmål er ei gjennomgåande og gjentakande utfordring som har vore gjeldande over lang tid. Vestland fylkeskommune v/fylkesordførar og utvalsleiar vil ta denne utfordringa opp med kunnskapsministeren.